

Prosjektmandat Radøy, Meland og Lindås

Prosjektnr	Namn	Saknr
	Prosjekt samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås.	
Prosjektfase	2017-2020	
1. Organisering		
<p>Oppdragsgjevar Rådmenn i Radøy, Meland og Lindås</p> <p>Styringsgruppe Kommunalsjefar/rådgivar i Radøy, Meland og Lindås.</p> <p>Prosjektansvarleg Kommunalsjef i Radøy eller rådgivar i Meland.</p> <p>Prosjektleiar Prosjektleiar frå Lindås kommune</p> <p>Prosjektgruppe: Tenesteområdeleiarar heimeteneste og sjukeheim i Meland og Radøy Tenesteområdeleiar OMSUT Radøy Ressursergoterapeut omsorgsteknologi Lindås Rådgivar IKT-Nh Leiar IKT Lindås HTV (felles repr.frå kommunane?)</p> <p>Arbeidsgruppe Leiar Ressursgruppe: 1x100% Ressurssjukepleiar Meland: 2x20%. Ressurssjukepleiar Radøy: 2x20% Ressurssjukepleiar Lindås: 5x20%</p> <p>Referansegruppe Representasjon frå levekår(politikk), brukarrepresentant, arbeidstakarorganisasjon/HTV, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, USHT, Fylkesmann og ev. andre.</p>		
2. Bakgrunn og forankring		
<p>Det er etablert intensjonsavtale om kommunesamanslåing mellom Radøy, Meland og Lindås. Det er her stadfesta at arbeid med samordning og utvikling av velferdsteknologiske løysingar innan tenesteytinga er eit satsingsområde for den nye kommunen.</p> <p>Rett bruk av velferdsteknologi kan føre til at den enkelte brukar i større grad sjølv kan ivareta eigenomsorg og bidra til at vedkomande opplever seg som meir selvhjulpne. Dei fleste ønskjer å klare seg sjølv mest mogleg og bu i eigen heim. Dette er viktig med omsyn til oppleving av eigenverdi, sjølvbestemmelse, livskvalitet og tryggleik.</p> <p>Lindås kommune har gjennomført eit stort forskingsprosjekt i velferdsteknologi perioden 2012-2016 og implementert dette i drift. Dei tre kommunane har difor i dag ulik ståstad når det gjeld kompetanse, implementering og erfaring med bruk av velferdsteknologi. For å nå felles ståstad, og kunne yte likeverdige tenester til alle innbyggjarane i den nye kommunen må ein iverksetje tiltak og eit målretta samarbeid</p>		

alleireie no. Dette arbeidet er tidkrevande og omfattar både brukarar av tenester og tilsette som yter tenestene. I tillegg legg ein til grunn at ein skal følgje nasjonale føringar frå til dømes Omsorg 2020. Kommunestyra i Meland og Radøy gjorde budsjettvedtak i des. 2016 på hhv inntil 1 mill og 0,5 mill til innkjøp og kompetanseheving innan dette feltet.

3. Hovudmål og delmål

I 2020 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i ny kommune. Innbyggjarar skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø.

Delmål i prosess mot 2020:

1. Brukar

Tenestemottakar mottar tenester som vert supplert av velferdsteknologi og støtter opp om den einskilde sin trong for tryggleik og meistring. Dette skal bidra til at ein:

- 1.1 opprettheld sjølvstendige og aktive liv
- 1.2 opplever tryggleik og meistring i eigen bustad
- 1.3 på institusjon opplever å vere mest mogleg sjølvhjølpen
- 1.4 får hjelp og støtte til å forstå og ta i bruk teknologien.

2. Tilsette

Dei tilsette nyttar velferdsteknologi som supplement i sitt daglege virke ved at dei:

- 2.1 utviklar felles visjon, mål, tilnærmingssmåter og haldningar til tenestene.
- 2.2 har kjennskap til velferdsteknologiske løysingar og har kompetanse til å vurdere forutsetningane for, og konsekvensene ved å ta i bruk ny velferdsteknologi.
- 2.3 har kompetanse til å rettleie brukar av teknologi.
- 2.4 opplever at aktiv bruk av velferdsteknologi i tenesta bidrar positivt med omsyn til å behalde og rekruttere kompetent helsepersonell.
- 2.5 opplever at arbeidsgjevar satsar på robuste og fleksible teknologiske løysingar som møter framtida sine utfordringar

3. Økonomi

Velferdsteknologi bidrar til at kommunane kan tilby fleire tenestemottakarar gode tenester innan til ei kvar tid gjeldande økonomisk ramme ved at:

- 3.1 Kommunane samordnar bruk velferdsteknologi som bidrar til god resursutnytting og effektive tenester etter BEON prinsippet
- 3.2 Kommunane etablerer føremålstenlege verkty for dokumentasjon av gevinstrealisering

4. Samfunn

- 4.1 Innbyggjarane opplever at kommunen er godt rusta til å møte utfordringar med å kombinera brukartilpassa tenester med velferdsteknologiske løysingar

5. Statistikk og dokumentasjon

Utarbeide teneleg statistikk som kan vise gevinstar innanfor pkt.1-4

- 5.1 gjeldande vedtakstimar 2017
- 5.2 tal brukarar i heimetenesta 2017
- 5.3 tal sjukeheimsplassar vs tal personar i målgruppa

4. Økonomisk ramme pr. år 2017 - 2020

Tilskot skjønsmidler	Beløp i kr
Prosjektleiar	900 000
Ressurssjukepleiar 0,8 ÅV (implementering, brukarvurdering, opplæring)	600 000
Samla sum søknad skjønsmidler 2017	1 500 000
Kommunal eigenandel	Beløp i kr
Felles tidsressurs styringsgruppe, prosjektgruppe og tilsette i 3 kommunar	2 000 000
Leiande Ressurssjukepleiar 0,5 ÅV (teknisk, internkontroll, opplæring)	400 000
Responscenter lokalt i Lindås dagtid frå 2017, leige ettermiddag/kveld – tilskot lønsmidler 0,3 ÅV jfr at Meland og Radøy tek del i dette.	300 000
Kompetanseheving, kurs, informasjon, innbyggarkontakt og brukarmedverknad – samordna kommune	400 000
Administrasjonsutgifter	100 000
IKT Lindås kommune 0,2 ÅV	150 000
IKT NH 0,2 ÅV	150 000
Samla sum kommunal eigenandel	3500 000

5. Avgrensing

Innovativ anskaffing er utført av Lindås kommune der Radøy og Meland vert implementert i gjeldande avtale. Avtale inngått febr. 2017. Avtalen gjeld i 3 år med opsjon på yttarlegare 7 år.

Radøy og Meland vil parallelt med søknad om skjønsmidler søka opptak i Nasjonalt program for velferdsteknologi 2017-2020. Søknad om opptak i programmet er planlagt i felleskap med dei øvrige kommunane i Nordhordland samt Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland. Søknadsfrist er 6. april 2017. Lindås kommune har allereie gjennomført nemnde program og er difor ressurskommune i programmet.

6. Risiko

Arbeid med risikovurdering må konkretiserast i eigen prosjektplan, og er ei utfordring med omsyn til at 3 kommunar skal samordne verksemda på ulike områder

7. Framdrift

Vert nærare spesifisert i prosjektplan

2017 Aktivitet/oppgåve	02	03	04	05	06/07	08	09	10	11/12	Ansvar
Utforme prosjektmandat	x									
Sende søknad skjønsmidler for 2017		x								
Oppstart prosjektgruppe Utarbeiding av prosjektplan				x						

Informasjons- og opplæringsplan. Utarbeides av prosjektgruppe				x						
Testing av responsenter i Lindås				x						
«kick off» tilsette i dei tre kommane. Markering av oppstart					x					
Lindås ferdig med bytte av utstyr. Responsenter er i drift							x			

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.1	13.02.17.	Prosjektmandat etablert	Mette Fauskanger
0.2	22.02.17	Prosjektmandat revidert	Helge Kvam
0.3	23.02.17	Prosjektmandat revidert	Helge Kvam/Leni Dale
0.4	07.03.17	Prosjektmandat revidert	Leni Dale